

S.E. Austbø  
Våg 26  
5570 Aksdal

20 MAR 2015

190315

Rogaland fylkeskommune  
Plan- og miljøavd. (Haver osv.)  
Postboks 130  
Sentrum  
4001 Stavanger



Dokid: 150000051737 (15/6876-1)  
TRANSPORTPLAN FOR NORD-ROGALAND  
- INNSPILL

Vedr. transportplanen for Nord-Rogaland.

Det eg reagerer sterkast på i plandokumentet, er den nærast frenetiske fiendskapen som er retta mot bilen, og bruken av bil. Sjølv sagt veit den fylkeskommunale etaten at bilen er eit tvingande nødvendig transport- og hjelpemiddel for kvar og ein, i Nord-Rogaland såvel som i resten av fylket, ja, i heile landet, for den del. Likevel er det bilen som blir skyteskiva. Eit angrep på bil og bilbruk er samtidig eit angrep på meg personleg, og eg tek meg svært nær av kanonaden som blir retta mot bilen i ulike samanhengar. Det er ikkje legitimt å etablera eit felttog mot det viktigaste, og mest nødvendige hjelpemiddelet vi har i samfunnet. Utan tilgang på bil, stoppar alt opp, og hushalda får ikkje kvardagen til å fungera. Dersom eg stiller flg. spørsmål, kva blir svaret: Kva er alternativet til bil? Eg synest eg høyrer ekkoet av eit "politisk korrekt" svar: Kollektivtransporten. Stakkars den uvitande som svarar slik! Med den adressa eg har i Nord-Rogaland, vil det aldri bli noko anna enn bilbruk for meg og mitt hus. Det er ei kjensgjerning. Kvar einaste innbyggjar i dette samfunnet og i dette fylket må tenkja realistisk, ordna seg etter dei forholda som de facto er, ikkje slik ein subjektivt synest dei bør eller må vera. Kollektivtrafikken kjem aldri til å kunna bli ei berande kraft i transportsystemet, same kor låg billettprisen blir, og same kor mange ruteutvidingar vi får. Haugesund by har mykje arbeidskraft frå nabokommunane, og dei som arbeider i byen, har ikkje noko reelt alternativ til bilen når dei skal til og frå. Nord-Rogaland er ganske annleis oppbygd enn den sørlege delen av fylket, og resepten i Sør-Rogaland kan ikkje overførast direkte til nordfylket. Til det er topografien og talet på innbyggjarar for ulik.

Sjølv køyrer eg dagleg i Haugesund, og eg vil på det sterkaste avvisa at byen har eit trafikkproblem. Det er god plass til alle, og bilen har sin sjølv sagde plass i det framtidige transportsystemet, som hovudkomponenten. Transportplanen må difor baserast på ein alminneleg bruk av bil.

Vennleg helsing

Svein Elling Austbø